

# Bok på 1-2-3

## Au, det gjer vondt!

Av Hans Peterson og Ilon Wikland

Omsett av Ingebrigt Davik

Tverrfagleg opplegg i kroppsøving og norsk. Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjer eleven i stand til å ta ansvarlege livsval. Å bruke kroppen og naturen fell også inn under temaet skaparglede og utforskartrong.

**Tid: 15 minutt kvar dag i 6 dagar, og 60 minutt den sjuande dagen**


Hovuddelen av boka handlar om tvillingane Peter og Petra, som bur på ein holme i skjergarden saman med mor, far, mormor og morfar. Foreldra er vekte på arbeid nokre dagar, men mormor og morfar passar på. Og det er bra, for Peter og Petra kjem stadig i situasjonar som krev at mormor hentar «førstehjelpa», skrinet med plaster og anna førstehjelpsutstyr. Gode illustrasjonar og akkurat passeleg mykje dramatikkk gjer at denne boka står seg, sjølv om ho er nokre år gammal.

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektør.
- Finne fram boka:

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008080700088](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008080700088)

Boka er delt inn korte kapittel etter vekedagane frå søndag (to kapittel) til fredag.



### Formål etter læreplanen frå 2020

#### Kroppsøving etter 2. trinn

- Øve på trygg ferdsel i trafikk og ved vatn. Kunne tilkalle hjelp. Denne kompetansen skal byggjast ut etter kvart som elevane vert eldre.

#### Etter 7. trinn

- Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i rørsleaktivitet, leik, spel, sjølvberging i vatn og friluftsliv i nærmiljøet.



# 1 Før lesing

(5 minutt)

- Leit opp boka frå Nasjonalbiblioteket si digitale hylle, og sjå på framsida. Kva trur de boka handlar om?
- Trur du boka berre handlar om å få vondt, eller om noko som er kjekt også?
- Fortel til læringskameraten om ein gong du skada deg og måtte ha plaster, bandasje, gips – eller kanskje kvile litt ekstra.

# 2 Lesing

(15 minutt kvar dag)

Dag 1: Les «Sundag ettermiddag» og «Sundag kveld» høgt for elevane, medan de ser på boka på storskjerm.

(Sundag og søndag er jamstilte former, og du kan gjerne nemne det for elevane. Kva brukar du å skrive?)

Dei komande dagane les de eitt kapittel for kvar dag, til de har lese heile forteljinga om Peter og Petra. Den siste dagen kan de ha stjerneorientering om boka og førstehjelp.



# 3 Stjerneorientering

(60 minutt)

**Introduksjon:** Når vi er aktive ute eller inne, er det lett for at det av og til skjer uhell og vi får vondt. Då er det fint at både born og vaksne kan litt førstehjelp, slik at vi veit kva vi skal gjere.

Kjelde til aktiviteten stjerneorientering: <https://aktivitetskassen.no/fotostjerneorientering/>

- Læraren skriv ut dei åtte spørsmåla og hengjer dei opp på ulike stader på skuleområdet.
- Elevane blir delte inn i lag eller par, og læraren sender laga ut til kvar sin post
- Elevane må kome tilbake til læraren og skrive svaret, altså den rette bokstaven, på arket sitt
- Sluttordet/fasit: UTFORSKE



# 1

---

Kva kallar dei i boka skrinet med plaster, bandasjar og slikt?

- a. Syskrinet      A
- b. Sjukehjelpa    L
- c. Førstehjelpa   U

# 2

---

Kva er lurt å gjere før ein set på plaster eller bandasje, om ein skjer seg i fingeren?

- a. Halde armen høgt. T
- b. Stikke fingeren i munnen. R
- c. Halde armen heilt nede ved bakken. K

# 3

---

Om nokon svimar av, kva er lurt då?

- a. Syngje ein godnattsong      B
- b. Vaske hendene                S
- c. Løfte beina                      F

# 4

---

Kva er best for å reinse sår?

- a. Salve                      U
- b. Såpe og vatn            O
- c. Spytt                      F

# 5

---

Kva for ei side av båten er det lurt å løfte nokon om bord i, dersom dei ligg i vatnet?

- a. Akterenden (bak) R
- b. Baugen (framme) B
- c. Sidene Y



# 6

---

Om du har fått vassblemme på hælen, kva er lurt å gjere då?

- |                         |   |
|-------------------------|---|
| a. Stikke hol på blemma | E |
| b. Setje på eit plaster | S |
| c. Ringje ambulansen    | V |



Kva hjelper om du har blitt stukken av ein veps?

- a. Plaster                      G
- b. Salve                            K
- c. Å klø på stikket            Ø

# 8

---

Kva skal du gjere om nokon har drukke eller ete noko giftig?

- a. Ringje 113 eller giftsentralen E
- b. Vente til det går over eller personen har kasta opp F
- c. Leggje personen i stabilt sideleie N